

FØDSELSDAGS- SELSKAPET

DET
NORSKE
TEATRET





37 og legendarisk

Den oritiske dramatikaren, skodespelaren og instruktøren Harold Pinter er, alt i berre 37 års alder, ein mykje kjend og akta forfattar. Gjennombrøtet, både heime i England og internasjonalt, kom i 1960, tre år etter at han skreiv første skodespelet sitt. Han fekk då etter kvart framført «The Dumb Waiter» på scenen, «The Birthday Party» i fjernsyn, «A Night Out» både i radio og fjernsyn med knapt ein månad mellom kvar framføring, «The Caretaker» på scenen og «Night School» i fjernsyn, alt i tida januar—juli. «The Caretaker» (Vaktmeisteren) vart valt til «det beste skodespelet av året i London». I oktober 1960 vart det sett opp på Broadway i New York, og stykket i kveld, «Fødselsdagsselskapet» (The Birthday Party) vart sett opp i San Francisco, der det gjekk samanhengande i tre år på «Actors Workshop».

I dag held Harold Pinter ein sentral posisjon i internasjonalt teater. Dei store scenane verda over tevlar om førsteretten til å føre opp dei nyaste dramatiske arbeida hans. Mest utan unnatak blir skodespela hans debatterte der dei blir framførte. Teater-ekspertane reknar han som den desiderte einaren i britisk etterkrigs-dramatikk. I seriøse teaterpublikasjonar blir han tidt og ofte nemnd og omtala. Alle skribentar som i bokform har freista kartleggja utviklinga dei siste ti år innom internasjonalt teater, gjev stort rom til gjennomgåingar og vurderingar av Harold Pinters dramatikk. Han blir nemnd i same andedrag som den irsk-franske Samuel Beckett og den ungarsk-franske Eugene Ionesco, vegbrøytarar i vesterlandsk teater i 50-åra.

Harold Pinter har sine forfedrar i Portugal, men er son til ein jødisk skreddar frå London aust. Då han var tenåring, skreiv han dikt som vart prenta i mindre kjende tidsskrifter. Han fekk si utdanning i The Royal Academy of Dramatic Art og The Central School of Speech and Drama. Med den bakgrunnen satsa han på ein karriere som skodespelar under namnet David Baron, reiste over heile Irland med ein Shakespeare-trupp og hadde engasjement på mange provinsscenar.

Etter at han hadde byrja på ein roman, «Dvergane» (materialet omarbeidd til høyrespel 1960), tok han til å skrive for scenen i 1957, sidan òg for radio, fjernsyn og film. Han har elles arbeidd som instruktør, m. a. regisserte han sitt eige første heilkveld-skodespel «Fødselsdagsselskapet».



Finn Kvalem

Ola B. Johannessen



Fødseldags-instruktørane

Finn Kvalem er kjend som skodespelar, instruktør og omsetjar. Med «Fødseldagsselskapet» signerer han si femte framsyning som iscenesetjar ved Det Norske Teatret.

Den første sjølvstendige oppgåva som instruktør hadde Finn Kvalem i 1964 då teatret hadde premiére på den engelske dramatikaren Arnold Weskers «Mamma er sta» (Roots). I 1965 var han ansvarleg for oppsetjinga av George Bernhard Shaws «Pygmalion» og året etter sette han i scene James Saunders «— som ein ange av blomar». Sist haust hadde Finn Kvalem regien av Olav Duuns «Medmenneske». Kvalem har óg sett i scene «Honningfuglen og leoparden» av Aslaug Vaa for Den Nationale Scene i Bergen, og i februar har Trøndelag Teater premiére på John M. Synge's «Helten på den grønne øya», i hans regi.

Som skodespelar kom han til Det Norske Teatret i 1956, der han mellom anna har tolka roller som Arthur Bartley i «Tenåring» av James L. Herlihy, Carlos i «Brennande mørke» av Antonio Buero Vallejo, Håkon i Olav Duuns «Medmenneske», Osvald i «Gengangere» av Henrik Ibsen, Arthur i Slawomir Mrozek's «Tango» og Horatio i «Hamlet» av William Shakespeare. I haust spela han rolla som Jaques Hury i «Bodskapet til Maria» av Paul Claudel.

Ola B. Johannessen er mest kjend som skodespelar, men han har vore regiassistent for polakken Henryk Tomaszewski begge dei gonger han har laga pantomimeframsyningar på Det Norske Teatret, såleis «Kjærleikshagen» for to år sidan og «så byder mig en stemme . . .», bygd over Henrik Ibsens «Brand» og «Peer Gynt».

Ola B. Johannessen kom til Det Norske Teatret frå Teaterskulen i 1962, og mellom dei større rollene hans bør nemnast Tommy Keeler i «Annie Get Your Gun» og Riff i «West Side Story», begge velkjende musicals. Han tolka Laertes i «Hamlet» av Shakespeare, men har elles gjort seg særleg kjend som ein framifrå pantomimetolkar i «Keisar Jones» av Eugene O'Neill, som Franz Pander i Tomaszewskis mime «Bagasjen» og som den mannlege hovudrolleinnhavaren i «Kjærleikshagen». I haust har han tolka både Brand og Peer Gynt pantomimisk og spela ein av prestane i Georg Johannesens «Kassandra».

Takk til Fritz von der Lippe

Etter denne sesongen, som sluttar 31. juli 1968, går Fritz von der Lippe frå borde som sjef for Riksteatret. Det må kjennast rart for han som har bygd teatret opp frå grunnen, saman med gode medarbeiarar. Han har sett sitt stempel på det, og han har hatt den glød og den sjølvgløymande energi som skal til for å drive det pionerarbeid utbygginga av Riksteatret var. Det hadde nok vore spreidde spelferder før, men han og hans folk organiserte teaterdrifta på kryss og tvers i eit land som kunne møte gjøglarvogna med hard motvind, både i bokstavleg og overført meining. Lite skal til for å velte ei teaterframsyning, også ved eit fast teater, men når ensemblet er ustanseleg på reisefot etter glatte, kronglete vegar, og ofte i snøføyke og storm, må problema bli større. Men posten skal fram, teppet skal gå opp til fastsatt tid, og det publikum som sit i salen, kjenner ikkje til, og skal ikkje kjenne til, det blodslit som kan liggje bak, og den mødesame planlegging, teoretisk og praktisk, i form av repertoarval, ensemble-disposisjonar, reiseruter etc. For publikum har kome for å oppleva scenekunst, som berre kan springe ut av eit overskot hos dei som agerer på scenen.

Når von der Lippe no gjev taumane frå seg, kan vi slå fast at han har fått posten fram til fleire og fleire norske bygder og byar. Han har kravd respekt for sitt teater og sine kunstnarar i form av skikkelege teaterhus og levelege vilkår for den reisande skodespelaren. Og han har fått det til, iblant etter harde slag i bordet, og Riksteatret er der for å bli.

Gjennom alle år har Det Norske Teatret hatt eit omfattande og godt samarbeid med Fritz von der Lippe. Alltid open for nye idéar og sjølv idérik har han møtt oss. Dette takkar vi han for, og for den innsats han har gjort i og for norsk teater i det heile.

Tormod Skagestad.

Skodespelarane

Elisabeth Bang har vore knytt til Det Norske Teatret sidan 1946 og har gjeve liv til ei lang rad roller, m. a. Gunnhild i Johan Falkbergets «Den fjerde nattevakt», Ragnhild i «Medmenneske» av Olav Duun, Laura i «Faderen» og tittelrolla i «Frøken Julie» av August Strindberg. Dessutan har ho glimrande tolka fleire roller i Tormod Skagestads skodespel, m. a. Eli i «Den kvite folen», Gerd i «Under treet ligg øksa» og Eline Ormsdotter i «Kristin Siste store rolla hennar var fru Linde i Skagestad si oppsetjing av Henrik Ibsens «Et dukkehjem» som teatret reiste på turné med til Sverige, Finland, Tyskland, Polen, Tsjekkoslovakia, Ungarn og Sovjetunionen i vår.


Svein Erik Brodal gjekk ut frå Statens teaterskule i 1961 og var sesongen 1961—62 knytt til Fjernsynsteatret der han m. a. spela Harald i «Den store barnedåpen» av Oskar Braaten. Frå 1962 har han vore ved Det Norske Teatret, der han fikk sitt gjennombrutt med rolla som Pater Riccardo Fontana i Rolf Hochhuths «I Hans stad» (Der Stellvertreter). Han var Presten i «Prosessens» av Franz Kafka, spela Cassio i «Othello» og tittelrolla i «Hamlet» av William Shakespeare.

Odd Furøy vart tilsett ved Det Norske Teatret i 1964. Av hans større roller er Block i «Prosessens» av Franz Kafka, Sir Edward Ramsay i Rodger/Hammersteins musical «The King and I», presten Scrivens i James Saunders «— som ein ange av blomar» og kong Claudius av Danmark i «Hamlet» av William Shakespeare. I haust tolka han den store rolla som Håkon i «Medmenneske» av Olav Duun.

Ulrikke Greve kom til teatret samstundes med Odd Furøy. Ho har av større ting spela Nansy i «To pinner i kors» av Alf Prøysen/Asbjørn Toms, Mor til Franz Pander i pantomimeoppsetjinga av «Bagasjen» av Henryk Tomaszewski, Ala i «Tango» av Slawomir Mrozek og i haust Sara i Finn Carlings «Gitrene».


Asbjørn Toms har, sidan han kom til Det Norske Teatret i 1940, spela ei mengd roller og vore flittig nytta som dramaturg, instruktør og omsetjar. Av dei større rollene han sjølv vil nemne, er tittelrolla i Hans Jakob Nilsens store oppsetjing av Henrik Ibsens «Peer Gynt», Raymondo i «Dronning og rebell» av Ugo Betti, Mingo i «Jungel» av Arthur Laurents, Tomas Diabolus i «Den innbilt sjuke» av Molière, ei rad med Henrik-ar i ulike Holberg-komediar, Enok i Pär Lagerkvists «Ein jonsokdraum» og Sem i «Regnbogen» av Clifford Odets. Toms har òg tolka ei rad Shakespeare-roller og roller i musicals på ein frami-frå måte, har vore instruktør for heile 18 oppsetjingar av barnekomediar, operetter og komediar. Han har no saman med Alfred Hauge omarbeidd romantrilogien om Cleng Peerson for scena, og stykket kjem opp på Det Norske teatret neste sesong.

Einar Wenes har spela på dei fleste norske scener, store roller som Thybalt i Shakespeares «Romeo og Julie», tittelrolla i «Jo Gjende» av Tore Ørjasæter, Bendik i «Tjugendagen» av Aslaug Vaa, Mortensgaard i «Rosmersholm» av Henrik Ibsen. Elles har han hatt mange større og mindre oppgåver. Han kom til Det Norske Teatret i 1961 og har merkt seg ut som løytnant Barberis i «Historia om Vasco» av Georges Shehadé, journalist Prent i «Byen ved havet» av Tormod Skagestad og sakkfører Krogstad i Henrik Ibsens «Et dukkehjem», ei tolking som vart ovundra då han i vår var med på den store turneen i austerveg. I haust har Wenes spela Pierre de Craon, den vidgjetne franske kyrkjebyggjaren i Paul Claudels «Bodskapet til Maria».




Bedande

Odd Furøy, Elisabeth Bang og Asbjørn Toms







Nytt?
Asbjørn Toms og Elisabeth Bang



Sportsleg
Einar Wenes





Granskande

Svein Erik Brodal og Einar Wenes



Kjærleg

Elisabeth Bang og Odd Furøy



Smilande

Odd Furøy og Ulrikke Greve

FØDSELSDAGS- SELSKAPET

(The Birthday Party)

av Harold Pinter

til norsk ved	Finn Kvalem
regi	Finn Kvalem — Ola B. Johannessen
dekor	Snorre Tindberg
kostyme	Randi Skahjem
inspisient	Krzysztof Seliga

Petey	ASBJØRN TOMS
Meg	ELISABETH BANG
Stanley	ODD FURØY
Lulu	ULRIKKE GREVE
Goldberg	EINAR WENES
McCann	SVEIN ERIK BRODAL

1. akt: ein sommarmorgon
2. akt: om kvelden same dag
3. akt: morgonen etter

pause etter 2. akt

Speltid 2½ time

grafisk formgjeving: Terje Fuglseth
programred.: Thorstein Hoff
fotos: Sturlason



Famlande
Elisabeth Bang, Einar Wenes, Svein Erik Brodal,



Mystisk
Einar Wenes, Odd Furøy, Svein Erik Brodal



Venleg
Einar Wenes og Ulrikke Greve

Flukta frå oss sjølve

Magien i rommet

«Utgangspunktet for stykka mine? Eg skal seia det så tydeleg eg kan. Eg kom inn i eit rom og såg ein som reiste seg opp og ein som sette seg ned. Eit par veker etterpå skreiv eg «Rommet» (The Room). Eg kom inn i eit anna rom og såg to som sette seg ned. Eit par år etter skreiv eg «Fødselsdagsselskapet».

Harold Pinter.

Etter eit par mindre heldige sceneversjonar vart «Fødselsdagsselskapet» synt i 1960 for meir enn 10 millionar sjåarar i engelsk fjernsyn. Det reiste seg ei bølge av indignasjon. Folk kjende seg utleverte og uthengde, uroa og krenkte. «Det var ei skakande, ei sjokkerande oppleving», sa mang' ein brite. Det pinterske fødselsdagsselskapet var ivrig diskutert i vekevis etter sendinga, på bussen, i undergrunnsbanen, på arbeidsplassen, hos kjøpmannen og i pub'en. Kva var det som var så sårande og oppskakande?

Pinter må seiast vera pinsamt realistisk — og pinsamt mysteriøs. Om realismen først: personane hans er heilt vanlege og lett atkjennande menneske. Sjeldan er dei av stort format — i tanke eller handling. Det dei gjer på scenen, det er det som tusentals menneske gjer kvar time på dagen, over all verda. Dei et, dei snakkar saman, dei drøymmer, dei les avisa, høgtidar ei hending. Det gjer personane i «Fødselsdagsselskapet» òg.

Her finst ikkje heltar eller skurkar, berre gode eller berre vonde menneske. Dei er særst levande og verkelege, sette inn i eit kvardagsmiljø, så sant og ekte skildra at ein reagerer nett mot denne vanlege eller allmenne, røyndomstru grannsemd.

«Korleis kan eg vita kva som går føre seg utanfor rommet? Eg kan einast registrere det som hender i rommet. Det er alt eg ser. Det hadde vore uheiderleg av meg å låst vita noko meir», seier han.

I «Fødselsdagsselskapet» går vi òg beint inn i ein overlag konkret situasjon. Stanley, ein tidlegare pianist, har flykta frå verda og stengt seg inne som einaste gjest på eit gammalvore, skite og forfalle pensjonat i ein badeby på Kanal-kysten. Stanley er ein knust opprørar, eit menneske som ikkje orkar realitetane i vårt autoritære og konforme velferdssamfunn der alle skal vera like. Han kjenner at hans individualitet er knust, men han isolerer seg med vona og draumen om å vende tilbake til samfunnet att ein gong, sterkare, såleis at han kan slå seg opp. Men draumeverda til taparen er sårnæm, og den sterile kvardagsro i rommet og det konforme liv som pensjonatekteparet lever, er det skjol godt nok? Representerer rommet ei skin-avskjerming frå ei ytre og trugande verd, den verda vi så gjerne vil ha oss fråbeden? Rommet har dører, og den som har funne eit slag privat



Elisabeth Bang, Einar Wenes, Svein Erik Brodal,
Odd Furøy, Ulrikke Greve

tryggleik for seg sjølv, han kan ikkje tryggje seg mot dei som kjem utanfrå, gjestene. Ein gjest har alltid eit føremål, eit ærend med gjestinga si. Den som uventa tek imot gjesten, blir anten oppmuntra — eller forskremd.

«Mannen i rommet kan anten forlata det saman med gjesten, eller gå ut åleine. Gjestene kan forlata rommet eller bli att etter at mannen er gått. Eller dei kan begge bli verande i rommet. Med omsyn på resultatet i rørsler, kjem det opphavlege som mannen i rommet var i, til å ha skift.

Ein mann som er åleine i eit rom utan at nokon kjem inn, han lever i venting eller von om ei vitjing. Han blir oppmuntra eller redd for di det ikkje kjem nokon. Men kor mykje han enn er oppsett og innstilt på ei gjesting, er ho alltid uventa når ho kjem, og mest alltid uvelkomen.. Vi har alle vår funksjon. Gjesten har sin», seier Pinter.

I «Fødselsdagsselskapet» blir vi sette inn i denne situasjonen. Han er ein bit røyndom, utan byrjing, utan premissar, utan slutt og utan forklåringar. Og her blir Pinter pinsamt mysteriøs. Kva har hendt tidlegare, kva får vi



vita om menneska vi ser, kvifor gjer dei som dei gjer? Pinters personar er langt frå eintydige. Nettopp fordi dei er så truverdige, kan det vera von om å dra kjensel på dei. Ein ting er korkje falsk eller ekte i seg sjølv, han kan vera både eitt og hitt. Frå den konkrete situasjonen med Meg, Petey og gjesten Stanley i rommet, blir alt utvikla innanfor ei trong ramme. Dei tre isolerte får vitjing av tre utanfrå, Lulu, Goldberg og McCann. Der blir ei trong ramme, men vide perspektiv. Lulu er ung, freistande og spanande, ein frisk pust utanfrå, eit menneske med livsens voner framføre seg. For Stanley blir ho kanskje nettopp draumen om dei nye vonene. Goldberg og McCann, kven er dei? Vi veit ikkje. Dei kan vera agentar, vanlege gjester, mordarar, folk som skal hente den forrykte Stanley til eit sinssjukehus. Svaret kan vera eitt av desse, eller eit anna.

Språket har òg ein viktig funksjon hos Pinter. Både Meg og Petey har snakka inkjeseiande og med eit minimalt ordval. Goldberg, mannen med ordet i si makt, kva anna gjer han enn å ause ut sjølvmotseiingar. Orda blir ikkje — såleis som Pinters personar bruker dei —



Pågåande

Einar Wenes, Svein Erik Brodal og Odd Furøy

kontaktskapande. Orda blir eit skjold, ei hjelperåd til å halde verda på fråstand for at vi skal sleppe å vise vårt røynelege eg. Kor absurd er ikkje i røynda vår dagleg-samtale, kor meiningslaus. «Kaldt i dag, altså. No skal det komameir snø. Nei, er det deg. Står til?»

Det er alle desse konkrete kvardagshendingar Pinter er ein meister til å utnytte, alle desse undefinerande, mangtydige og irrasjonelle tilhøve som han let skifte, snart brutale, sjokkliknande omskifte, lynsnare sceneskift, snart seinvorne, sinns-slitande nedbrytingsprosessar. I dramatisk form viser Pinter oss skrekk-kjenslene i kvardagen, våre personlege aggresjonsmekanismar og den gjensidige terrorverksemd vi menneske dagleg driv mot kvarandre. Og alt hender i ei komisk form, spanande og morsom — og tankevekkjande. Vi ynskjer Dykk velkomen til eit muntert fødselsdagsselskap.

Thorstein Hoff.





Slitande

Odd Furøy og Elisabeth Bang

På Det Norske Teatret

Same dag som Det Norske Teatret har premiere på «Fødselsdagsselskapet» av Harold Pinter i turné-samarbeid med Riksteatret, er det òg premiere på hovudscenen i Oslo på «Vildanden» av Henrik Ibsen i teatersjef Tormod Skagestads oppsetjing. «Mesterens mesterverk» kalla teaterkritikaren Sigurd Bødtker dette skodespelet som er gjennomvove av hovudsymbolet: den skadeskotne villanda inne på loftet i den Ekdalske heimen. Dette spelet om livsløgn, misgjerningar, svik og brotsverk er den andre av tre Ibsen-framsyningar Det Norske Teatret gjev denne sesongen. I dei største rollene finn De Claes Gill som Grosserar Werle, Pål Skjønberg som sonen hans, Gregers Werle. Lars Tvinde spelar i sitt 82ande år Gamle Ekdal, medan Espen Skjønberg tolkar Hjalmar Ekdal, Mona Hofland gjester i rolla som Gina, Unni Evjen spelar Hedvig og Øyvind Øyen er Relling. Omsetjinga er ved Tormod Skagestad, og Arne Walentin står for dekor og kostyme.

Neste premiere på hovudscenen blir den store suksess-musicalen «Spelemann på taket» (Fiddler on the Roof), ein musical som har gått sin sigersgang verda over. Fleire av dei fengjande melodiane frå «Spelemann på taket» har vore på topp i Radio Luxembourgs «Top Twenty». Handlinga er lagt til eit framandt miljø, den

Krevjande

Svein Erik Brodal, Elisabeth Bang, Einar Wenes.



jødiske delen av ein liten russisk landsby, Anatevka. Den jødiske forfattaren Scholem Alejchems forteljing om mjølkemannen Tevje, kona hans, Golde, og døtrene deira, ei på mange måtar tragisk forteljing frå tsartida, har i Josef Steins dramatisering og Jerry Bocks musikk vorte ein varm, humørfylt og gripande musical med fengjande dansescener, fargeglad prakt og levande menneske-teikning.

Den briljante omsetjinga er ved Hartvig Kiran, og regien blir ved amerikanaren Tom Abott, mannen som har vore med på å setje i scene både på Broadway og i London. Nett no arbeider han med instruksjonen i Hamburg før han kjem til Oslo. I dei to hovudrollene som mjølkemannen Tevje og kona hans, har teatret funne fram til Lasse Kolstad og Sølvi Wang. Kolstad har nett avslutta innspelinga for Fjernsynsteatret av den store serien om Alexander Kiellands «Skipper Worse», der han har tittelrolla, og Sølvi Wang har i haust vore på turné for Det Norske Teatret og Riksteatret med mini-revyen «Apropos det, ja», der ho gjøgla seg inn i 40.000 nordmenns hjarte. Premierer blir 4. april.

På Bikuben i ABC-teatret

der Det Norske Teatret i samarbeid med unge menneske no driv ei omfattande teaterverksemd, blir det meir ny norsk dramatik. Bikuben har nett hatt den fjerde urpremiéren, denne gangen på Gunnar Bull Gundersens «De fem», eit drama om fem gruvearbeidarar som på sjuande døgn er sperra inne i ei gruvesjakt. Dei er i ferd med å bryte saman og mister frå time til time trua på at hjelp frå jordoverflata skal koma, medan fjellet ikring «sig» og «lever» kvar natt, slik at den lomma dei sit i, kvar augneblink kan rasa saman. Jack Fjeldstad har sett i scene og Dag Frogner har laga dekoren.

I februar blir det ny premiére, «Siste brevet», ei samling med autentiske brev frå dødsdømde unge menneske som var med i motstandsørsla under siste verdskrigen. Brev har det sams at dei er gjennomstrøymde av trua på det gode i mennesket, og desse unge menneska veit at dei ikkje ofrar livet sitt til fånytt. I brevsamlinga er det berre eitt som er norsk, skriva av Asle Helland Grepp, før han vart dømd til døden og skoten i februar 1945. Dagmar Myhrvold står for oppsetjinga.

Spelplanen på dei andre teatra

Riksteatret sender i januar ut på spelferd Bjørnstjerne Bjørnsons «Geografi og kjærlighet», Garson Kanins komedie «Født igår», «Musikantene kommer til byen» av Thorbjørn Egner, «Flåten» av svensken Kent Andersson og Alexei Arbuzovs «Venner og elskere». I februar skal Riksteatret ha premiére på «Gjøgler i ord og toner» med Eilsabeth Reiss, medan Riksteatern-Svenska Teatern gjestar med Vilhelm Mobergs «Änkemann Jarl». Nationaltheatret sender i samarbeid medt Riksteatret «Hele dager i trærne» av Marguerite Duras på turné i mars.

Trøndelag Teater i Trondheim spelar i januar Sandro Key-Åbergs «Quinder! Kvinder! Kvinner!». I februar har teatret premiére på to skodespel, «Helten på den grønne øya» av John Millington Synge og seinare i månaden kjem «Romeo og Julie» av William Shakespeare.

Den Nationale Scene i Bergen har fram til slutten av februar suksess-musicalen «Spillemann på taket» på programmet. Deretter blir det premiére på «Kirsebærhaven» av Anton Tsjekhov, og i april blir det Holbergmoro med «Barselstuen».

Rogaland Teater i Stavanger spelar i januar og februar «Macbeth» av Shakespeare og «Kongens hjerte» av Barbra Ring. I månedskiftet februar/mars blir det premiére på Sandro Key-Åbergs «Quinder! Kvinder! Kvinner!».

Nationaltheatret har i januar på programmet «Meteor» av Friedrich Dürrenmatt og «Morderne» av Friedrich Schiller. I februar blir det premiére på Henrik Ibsens «Fruen fra havet» og sist i månaden på «Filosofi og forviklinger» av Muriel Spark. Nikolai Gogols «Revisoren» står på spelplanen i mars, og i april spelar teatret «Joe Egg» av Peter Nichols. På Amfiscenen held teatret fram med «Sangen om utysket» av Peter Weiss og «Kjære løgnhals» av Jerome Kilty. «Hele dager i trærne» av Marguerite Duras er klar for premiére i januar, medan Samuel Becketts «Deilige dager» kjem i mars. Då blir det òg urpremiére på nordmannen Anders Byes «Freden, friheten, kjærligheten og alle sammen», og i april kjem «Grønn Julie» av Paul Ableman.

Den Norske Opera har òg eit stort program på nyåret med «Elskovsdrikken» av Donizetti, ein opera som kjem saman med ballettane «Cavalleria Rusticana» av Mascagni og «Symfoni i C» av Balachine/Bizet. Puccinis opera «Tosca» står på programmet denne månaden, og heilkveld ballett-framsyning blir det med «Månerenen» av Cullberg, «Mennesker i mørke» av Gore og «Raymonda» av Petipa/Nureyev. I februar spelar Operaen dette programmet, men i tillegg kjem «Boris Godunov», ein opera av Mussorgskij og ballett-kveld med «Sylfidene» av Fokine, «Apollon Musagete» av Balanchine og 3. akt av «Napoli» av Bournonville.

På **Oslo Nye Teater** held dei fram med «Kaktusblomsten». Det har vore premiére på «Komedie i mørke» av Peter Shaffer, og seinare kjem «Erke-engler jukser ikke» av Dario Fo. Barneteatret syner «En glad gutt» av Bjørnstjerne Bjørnson i Mentz Schuleruds dramatisering og på Bymuseet går dokketeater-framsyninga «Gulliver i dukke-land».

